

# LÅTSKRIVING MED ELI GAUDEN

«Eli Gauden er låtskrivar og artist frå Norheimsund, no basert i Bergen. Ho har Bachelor i låtskriving frå Berklee College of Music i USA, og held no kurs i korleis skriva, og korleis gjera ein song hakket betre. På Eli sitt låtskrivings-kurs vert det blant anna fokus på korleis ein brukar melodi i forhold til kjenslene ein ynskjer formidla, nyttige verkemiddel som metafor og rim, og korleis ein kan bruka språket til å bygga gode historiar. Du vil læra teknikkar som kan vera nyttig uavhengig av sjanger. Det vert lagt inn tid til skriving, lytting, og tilbakemelding av songar.»

Mine kurs vert lagt opp forskjellig ut i frå på elevane og kor mykje tid me har. Ideell alder er 15 +, men eg har haldt kurs for elever ned til 10 år. Det går også fint, men innhaldet vert då «forenkla».

TO DAGARS KURS KORT OPPSUMMERT KAN SJÅ SLIK UT:

## DAG 1

BLI KJEND

INTRO

- Kva er ein song?
- Kva er ein GOD song?
- Lytt på songar elevane likar

BEGYNN Å SKRIV

- Kvifor ynskjer dei å skriva?
- Kva skal ein skriva om?
- Kva må ein tenka på før ein byrjar å skriva?
- Aktivitet: FRISKRIVING. ME bil bruka mykje tid på dette i kurset og ha det som utgangspunkt for nye låtar.
- Snakk om sansar. Sjå, høyra, føla, lukta.

RIM

- Kvifor brukar me rim?
- Bruk rim til å skapa stabil eller ustabil tekst
- Aktivitet:
- Sjå på andre singe låtar og deira rimval.
- Finn gode rim utan å bruka klisje.
- Finn rim til din eigen tekst, med utgangspunkt i fri-skrivng-teksten.

VERB/SUBSTANTIV

- Før me byrjar skiva leikar me oss med verb og substantiv og finn ny metaforar og samansetningar av ord.

#### SKRIVING

- Me prøver å skriva ein seksjon av ein song. Saman eller åleine.

#### SKRIVETIPS

- Etter elevane har prøvd å skriva litt ser me meir på ulike triks ein kan ty til når ein står fast.
  - Sansar
  - «6 bestevenner»
  - Del opp i boksar
  - Ulike perspektiver.
  - Kva skal lyttaren vita?

DERSOM ELEVANE SPELAR INSTRUMENT AVSLUTTAR ME DAGEN MED Å SPELA LITT SAMAN. EVENTUELT LYTTA TIL SONGAR DEI LIKER OG SNAKKAR OM DEI.

## DAG 2

ME BYRJAR DAGEN MED Å LYTTA TIL LITT MUSIKK OG KOMA I STEMNING

REPETISJON FRÅ DAGEN FØR. I DAG SKAL ME FOKUSERA PÅ HARMONI OG MELODI FØR ME GÅR TILBAKE TIL TEKST.

FORM - Ulike måtar å byggja opp låten på.

#### HARMONI

- Dersom elevane er yngre enn 14 (ca) går eg lett igjennom denne delen. Er dei eldre(over 15) går eg meir i dybden og tek for oss:
- Akkordar (Akkord-fargar)
- Toneartar
- Rytme/groove
- (Aktivitet: Øver oss på å høyra kva kjensle akkordar prøver å formidla)

#### AKTIVITET:

Elevane skal prøva å leggja akkordar til teksten den skreiv dagen før.

#### MELODI:

- Som med Harmoni ser eg elevane ann kor mykje ein skal gå onn på dette med melodi. Ideelt sett snakka me litt om

- Motiv
- Korleis laga ein melodi ut i frå naturleg tale
- Linjelengde og antal linjer.

#### PÅ DETTE TIDSPUNKTET ER DET NOK NATURLEG Å GÅ TILBAKE TIL TEKST

- Me repetirer nokre av øvelsane frå i går
- Deretter skal elevane få skriva igjen og velja sjølv om dei vil arbeida med tekst, harmoni eller melodi, ideelt sett litt av alt.

Før me går vil eg snakka litt om kontrastar og gje dei nokre heilt konkrete tips til korleis dei kan skapa kontrast i songen. Me avsluttar med å spela/lesa/visa fram for kvarandre det me har arbeidd med. Målet er ikkje at ale skal skriva ein heil song i løp av kurset, men at dei skal få inspirasjon, tips, og nye idear dei sjølv kan jobba vidare med når dei kjem heim.